



Vår ref.

2023/673-3

Sakshandsamar:

Sveinung Seljås, 35 04 84 30

Arkivkode:

L12

Referat

Dato:

19.06.2023

Til:	Turid Hagelia Korshavn, Dag Rune Kvålen
Frå:	Sveinung Seljås

K - Detaljreguleringsplan RV41 Kommunegrense Nissedal -Tanganbekken - Referat oppstartsmøtet 05.06.23.

Tid: 05.06.23, kl. 12.00 - 13:00

Stad: Teamsmøte.

Til stades: Statens vegvesen ved Turid Hagelia Korshavn og Dag Rune Kvålen.
Plansjef Kviteseid kommune, Sveinung Seljås.

01 Presentasjon av prosjektet

Utbetringsprosjekt, ca 2 km. Siktemålet med planarbeidet er primært å leggje til rette for ein trafikksikker køyreveg med kurvatur i tråd med vegnormalen N100 (standard Hø1 øvrige hovudveggar, ÅDT<4000 fartsgrense 80 km/t, 2 felt, gul midtstripe).

02 Gjeldande plangrunnlag

Gjeldande plangrunnlag blei gjennomgått. Det er ein gjeldande reguleringsplan på strekninga (Nisser hyttesenter 02.10.97). Sjå notatet «Vurdering av behov for konsekvensutredning» av 22.05.23 for detaljar rundt plangrunnlag.

03 Aktuelle problemstillingar

Dei viktigaste problemstillingane på nåværande tidspunkt vurderast i vere:

- Nærføring til Nisser – utfylling i vatn og kryssing av bekkar (Knibstadbukti og Urimelegbukti).
- Skjæringar – bl.a. ved Pinarodden og ved Båtberget.

04 Vurdering av behov for konsekvensutgreiing

Statens vegvesen har vurdert behov for konsekvensutgreiing jf. notat «Vurdering av behov for konsekvensutredning» av 22.05.22. Notatet konkluderer med fylgjande:

Basert på den informasjon som foreligger i og ved planområdet, kan ikke Statens vegvesen etter en samlet vurdering, se at planen kommer i konflikt med forskriftens §10, og planen vurderes ikke å få vesentlige virkninger for miljø og samfunn. Vi ser derfor ikke at det er behov for konsekvensutredning i henhold til § 8. De tema som er omtalt over vil i stor grad likefullt bli belyst gjennom den ordinære saksbehandlingen av reguleringsplanen, og omtalt i planbeskrivelsen.

For detaljar visast det til notatet. Kviteseid kommune er einige i vurderinga om at det ikkje er krav om KU.

05 Planprosess

- a) Kunngjeringsgrense – utkast blei gjennomgått. SVV kan gjere mindre justeringar av kunngjeringsgrensa dersom nye moment tilseier det.
- b) Pbl § 3-7. I samråd med planstyremakta nyttar vegvesenet pbl §3-7. Statens vegvesen utarbeider og legg fram forslag til arealplan for vegtiltaket, og legg planen ut til offentlig ettersyn etter føresegnene for vedkommande platype.

Det skal haldast møte med administrasjonen og politikarane (planutvalet) undervegs i prosessen og før planen leggjast ut til høyring og offentlig ettersyn.

- c) Planen blir fremja som detaljreguleringsplan etter §§ 12-1 til 12-7 i plan- og bygningslova.
- d) Plannamn: Rv. 41 Kommunegrensa Nissedal – Tanganbekken.
- e) Planid: 38212023001
- f) Planoppstart varslast ved varslingsbrev og på heimesida til vegvesenet og kommunen samt i VTB. Kontaktperson for varsling på kommunens heimeside er Gunn Strand, gunn.strand@nissedal.kommune.no.
Forslag til adresseliste over dei som bør varslast: <https://www.nissedal.kommune.no/reguleringsplan-rett-til-fremje-forslag.491161.22289268.tkt.html#generelt>. Lista supplerast med aktuelle naboar. Det er ikkje vel-lag i Nisser hyttesenter.
- g) Kommunen leverer sosiformat av eksisterande reguleringsplan. Det er ikkje vatn/avløpsleidningar i planområdet.

06 Framdrift i planarbeidet

- Melding om oppstart juni. 23.
- Planlegging – sommar/haust 23.
- Kartlegging/registreringar haust 23.
- Møte for avklaringar/prosess haust/vinter 23/24.
- Offentlig ettersyn av reguleringsplan vinter 23/24.
- 2. gongs behandling – vinter/vår 24.
- Vedtak reguleringsplan – vår 24